


Kva er viktig for meg og familien?

Hjelpe- og støtteordningar for barn, ungdom og deira familie

- for foreldre/føresette til barn og unge i skulealder
- for ungdom over 16 år



Colourbox.com

Stad: Kristiansund rådhus, kommunestyresalen

Tid: Onsdag 7. mars 2018, kl 8.30 - 15.30



Kristiansund kommune



Funksjonshemmedes
Fellesorganisasjon

SAFO

Kven er opplæringa for?

- Ungdom over 16 år.
- Foreldre/føresette til barn og ungdom i skulealder med langvarige helseutfordringar - kronisk sjukdom/funksjonshemming, som ønskjer kunnskap og forståing om kva for hjelpe- og støtteordningar som finst for deg/familien.

Innhaldet for dagen er i hovudsak for dei som har fått diagnose i nær tid.

Vi vil oppmode begge foreldre/føresette til å delta i opplæringa.

Informasjon om opplæringspengar

Det kan søkjast om opplæringspengar for deg som er yrkesaktiv og som har omsorg for eit langvarig sjukt eller funksjonshemma barn, dersom opplæringa er naudsynt for å kunne følge opp barnet.

Opplæringspengar blir rekna på same måte som sjukepengar, og skal erstatte tap av arbeidsinntekt ved fråvær frå arbeid for å vere med på opplæringa.

Nærare informasjon vil bli gitt i starten av kurset, eller les om opplæringspengar under NAV.no.

Du kan også ta kontakt med Lærings- og mestringscenteret i Helse Møre og Romsdal, tlf. 71 12 09 95.

- **Vi tek atterhald om endringar i programmet.**
- **Maks tal deltakarar er 40 personar.**

Program

Kl. 08.30 - 09.00 **Registrering mellom 08.30 - 09.00.** Servering av kaffe/te.

Kl. 09.00 - 13.00 **Oppstart og velkommen!** v/Elin Fladseth i Klinikk for kvinner, barn og ungdom i Helse Møre og Romsdal.

Brukarmedverknad eller bruker med verknad?

Brukarorganisasjonar frå FFO og SAFO deltek.

Dagen vil veksle mellom informasjon og drøfting i grupper.

- førebyggjande helsetenester for barn og ungdom
- skule, SFO, pedagogisk psykologisk teneste (PPT) og tilrettelegging
- ulike tenester frå verksemd for tildeling og koordinering
- NAV, ulike økonomiske ytingar

Kl.13.00 - 14.00 **Matpause med servering av brød med kaffi/te**

Dei ulike offentlege tenestane og ulike brukarorganisasjonar deltek med informasjon på torg i denne tida.

Kl. 14.00 - 14.30 Fylkesmannen i Møre og Romsdal om verje for barn/vaksne.

Kl. 14.30 - 15.00 Helse Møre og Romsdal; Klinikk for kvinner, barn og ungdom

Kl. 15.00 - 15.30 **Samandrag og evaluering.**

Tilvising

Ønskjer du/dykk å delta på opplæringa, så ta kontakt med fastlege for tilvising til kurset. Tilvisinga sendast til same adresse som til påmeldinga. Tilvisinga må merkast med namnet på kurset: «Kva er viktig for meg og familien?».

Er familien allereie til behandling i spesialisthelsetenesta i Klinikk for kvinner, barn og ungdom, trengst ikkje tilvising.

Påmelding

Ved påmelding treng vi desse opplysningane:

- Namn på barnet, fødselsdato, diagnose, namn på foreldre/føresette, adresse, telefon. Hugs å merke påmeldinga med namnet på kurset.
- Ring inn påmeldinga på telefon 71 21 75 50 eller sendast:
BUP poliklinikk, Helse Møre og Romsdal, Kristiansund sjukehus, Herman Døhlens vei 1, 6508 Kristiansund.

Har du noko du ønskjer svar på frå programmet, så gi gjerne tilbakemelding ved påmelding. Gi melding om det er spesielle omsyn vi må ta ved servering av brødmatt til lunsj.

- **Påmeldingsfrist 1. mars 2018.**
- **Opplæringa er gratis.**

Dersom du ikkje kan møte på opplæringa må du avbestille snarast og seinast 24 timer før på telefon 71 21 75 50.

Dersom du ikkje avbestille blir du belasta med eit gebyr på kr 690/kr 345.

Informasjon

For nærare informasjon ta kontakt:

- Kursansvarleg Elin Fladseth 41 76 10 76.
- Lærings- og mestringscenteret (LMS): 71 12 09 99.